



Aurland, 01.06.2018

Helse Førde

Vår ref.
2018000533-3

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Guri Olsen,

Arkiv
K2 - G00

Høyringsuttale frå Aurland kommune - Prosjekt prehospitale tenester - fase 1

Vedlagt følgjer høyringsuttale frå Aurland kommune, kommunestyret 31.05.18.

KS- vedtak sak 037/18:

Gode prehospitale tenester er viktigfor at våre innbyggjarar skal kjenne seg trygge. Slik det er no, so er responstida på ambulansen i Aurland altfor dårleg. Det tek 43,7 minutt å nå 90% av innbyggjarane, og i 64% av akutttilfella nådde ikkje ambulansen fram innan 25 min. Dette er hhv. tredje dårlegast og nest dårlegast i fylket.

Aurland er ein liten kommune i folketal med sine knappe 1800 innbyggjarar, men det er store mengder besøkjande og gjennomgangstrafikk her. Flåmsbana åleine har 1 million reisande pr år, me har E16 og FV50 med stor gjennomgangstrafikk, ca 150 cruiseskip i sommarhalvåret i tillegg til mange andre rute- og turistbåtar, fullbooka campingplassar og hotell, mange fotturistar og syklende i Aurlandsdalen, Flåmsdalen, Rallarvegen osv..

Me har mange tunnelar som gir ekstra utfordringar i høve tryggleik og ulukker. Bl.a. so vil ei stenging i Lærdalstunnelen kunne føre til at ambulanse frå Lærdal ikkje kjem seg til oppdrag i Aurland, og næraste ambulanse er då Voss som er 1 time unna.

Det er ikkje forsvarleg å ikkje ha ambulanse stasjonert i Aurland, og i samband med "Prosjekt prehospitale tenester" krev Aurland at det vert lagt opp til ambulanse fast stasjonert i Aurland.

Det er ikkje forsvarleg å erstatta ambulansetenester med akutthjelparordning. Akutthjelparordninga må ikkje organiserast slik at kostnaden vert flytta frå Helse Førde til kommunane.

*Aurland kommunestyre krev at det vert lagt opp til ambulanse fast stasjonert i Aurland .
Samrøystes*

Med helsing

Guri Olsen
Tenesteleiar for helse og førebygging

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:
Trine Hunskaar Vingsnes